



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2487 - 17/15819

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
03.01.2018

Byggesak gbnr 34/9 Grindheim - Familiebarnehage - reinseanlegg - søknad om løyve til tiltak - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 299/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Grindheimsvegen 127
Tiltakshavar : Jeanette Villanger Håland og Stig Grindheim
Ansvarleg søker : Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av minireinseanlegg på eigedom gnr. 34/9 Grindheim.

Det er i sak 298/2017 datert 20.12.2017 gjeve utsleppsløyve etter forureingslova for etablering av minireinseanlegg på denne eigedomen.

Anlegget vert knytt til bustad med adresse Grindheimsvegen 127. Bustaden består av ei bueining og ein familiebarnehage på grunnplanet.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.12.2017.

Planstatus

Tiltaket ligg innafør område som i kommuneplan for Radøy kommune definert som LNF – område. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Uttalekrav frå annan styresmakt:

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å krevje dispensasjonar.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Radøy kommune vurderer at etablering av reinseanlegg ikkje rører ved naboars interesse i noko særleg grad og kan fritta for nabovarsling i denne saka.

Plassering

Plassering er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskrifta §12-14 nr. 1 d.

Terrenghandsaming

Det er ikke søkt om terrengendringar. Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkitekt Mette Kyed Thorson**, org.nr.**987788682** har erklært ansvarsrett som ansvarlig søker (**SØK**).

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Lindås Rør & sanitær AS**, org.nr. **93534790** har erklært prosjektering (**PRO**), utv. avløpsanlegg med minireinseanlegg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Lindås Rør & sanitær AS**, org.nr. **93534790** har erklært utføring (**UTF**), utv. avløpsanlegg minireinseanlegg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Arkitekt Mette Kyed Thorson , org.nr. 987788682	-	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Lindås Rør & sanitær AS , org.nr. 93534790	S	PRO	1	Prosjektering, utv. avløpsanlegg med minireinseanlegg.
Lindås Rør & sanitær AS , org.nr. 93534790	S	UTF	1	Utføring, utv. avløpsanlegg minireinseanlegg.

S= sentralgodkjenning.

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentralgodkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK 10) kapittel 10.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt.

Manglane vart medelt ansvarleg søkjar ved e-post av 21.12.2017. Manglane var som følger:

Gjennomføringsplan/ forklaring om ansvarsrett skjema var ikkje korrekt utfylt.

Manglane vart retta ved e-post 03.01.2018.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 03.01.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av minireinseanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.

2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Det må liggje føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.
 2. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.2017 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.10	<u>Delt sakshandsaming</u>	kr	3 200
	Totalsum	Kr	3 200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/2487

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Jeanette Villanger Håland	Grindheimsvegen 127	5936	MANGER
Stig Andre Grindheim	Grindheimsvegen 127	5936	MANGER